





God Jul



Slik hadde me det för.

1. I kveld vil me snakka om då me var unge og korleis me hadde det då. Då for me og klampa i tresko så tunge for gummisko var kje å få. Me vatn bar i bytte å ikkje me sytte om der var ein stubbe å gå.
2. I den tidi stelte kje mannfolk i floren, dei hadde så nok likevel. Når dei kom til husar var trøyte dei voren å trong å få kvila mot kveld. I mark og i skogen og heime bak ploegen dei slepa og sleit som ein trel.
3. Når det ut på vinteren minka på höyet og våren var kalde og våt, godt var det at kyrne då ikkje var nöye dei berre reiv i seg og åt. Her var ikkje masse av mjöl og melasse å grönfor og surfor som no. Nei då tok me kjipa og sigden me slipa å rusla til fjells og skar lyng.
4. Når me hadde klesvask det fyrste me laut gjera var henta heim vatn og ved. Og attåt me måtte ei torvkjipa bera for brensel det måtte der til. Så sto me der böygd over baljen og brettet og vridde å gnidde å kneka på dette med grönsåpedåsen attmed.
5. No puttar me klærne i vaskemaskinen å berre på brytaren snur. Så kokar den, vaskar den skyl det og vrir det, mens husmori tek seg ein lur.
6. Når klærne skal strykast så har me eit jarn så blankt og så fint at det skin. Det kan regulerast slik at det höver for ull og for silke og lin. Det jarnet me för hadde putta me glör i, og nett som ein skorstein det rauk. Og glörne dei spruta på klær og på kluta og flekka ut töyet me stnauk.

Godt
nyttår



7. Om kveldane sat me å spann og me karda når ungane klæde sku få. Kvalt sokkepar fekk me kje lenge te vara me måtte ha masse av tråd. No kjøper me sokkar av nylon så sterke det er mest kje råd å få hol. Og strikkar me no så er garnet kjøp ferdig, og innsett med middel mot mol.

8. Før gjekk me kje annan kvar dag til butikken, me laga til maten vår sjölv. Me knadde og baka lefser og kaka og flatbröd av heimavla mjöl. No sender me borni avstad etter Kornu og brödmat av alt ein kan få. Og mange slags posar og öskjer og dåsar med mat både til store og små.

9. Ja, no må vel konone vel vera blide så lagleg som dei har det no. Godt var det for alle, her kom betre tider om berre me sjölve var god. Om me kunne læra, meir hjelpsame væra, å takke for alt me har fått. Å prøva kvar andre si byrda å bæra så vil det verta så godt.

